DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref	Vår ref	Dato
18/5628-6	17/2334-	31. oktober 2018

Regionreforma og overføring av statlege fiskerihamneanlegg til dei nye fylkesregionane

Eg takkar for brev 21. august 2018 med innspel til prosessen for overføring av eigarskap og forvaltningsansvar for dei statlege fiskerihamneanlegga til dei nye fylkesregionane i 2020.

Regjeringa har fått på plass fleire overgangsordningar for å få til ein best mogleg prosess for denne overføringa.

Kystverket er allereie i gang med arbeidet for å overføre kompetanse og informasjon til fylkeskommunane. Dette arbeidet vil fortsette i 2019.

Vidare er forskoteringsordninga som Stortinget har vedtatt ein viktig del av arbeidet med å leggje til rette for ei ansvarsoverføring. Forskoteringsordninga gjeld fiskerihamne- og farleistiltak som ligg inne i Nasjonal transportplan 2018-2029. Samferdselsdepartementet har ein forskoteringsfullmakt på 350 millionar kroner. Departementet har motteke 11 søknadar med ein samla søknadssum på 1 377 millionar kroner. Alle som har søkt får svar om prosessen vidare.

Ordninga har blitt svært godt motteke i heile landet, og departementet har fått inn mange gode søknader. I første omgang vil Berg kommune (Innsegling Senjahopen), Giske kommune (Gjøsund fiskerihamn) og Gamvik kommune (Gamvik fiskerihamn) bli invitert til møte med departementet om kontraktsinngåing. Dersom det er midlar igjen etter denne runden, vil departementet kontakte andre som har søkt.

Postadresse: Postboks 8010 Dep 0030 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59 Telefon* 22 24 90 90
Org no.: 972 417 904

I budsjettframlegget for 2019 har regjeringa og foreslått å sette av 10 millionar kronar til å ferdigstille planlegging av fiskerihamneprosjekt. Midlane er retta mot fylkeskommunar og kommunar, og gjeld fiskerihamneprosjekt som ligg inne i Nasjonal transportplan 2018-2029.

Kva gjeld dei økonomiske rammene for overføringa, vil dette vere ein del av opplegget som regjeringa vil legge fram i budsjettforslaget for 2020. I proposisjonen for regionreforma har regjeringa vist til at dei statlege midlane til fiskerihamner skal overførast til dei nye fylkesregionene samstundes med at dei overtar ansvaret for dei statlege fiskerihamneanlegga, jf. Prop. 84 S (2016-2017) Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå.

Med helsing

Jon Georg Dale